



**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND, 19. MARS 2021**  
**KL. 08.00 – 13.15 PÅ TEAMS**

**Desse deltok:**

Morten Storebø	Austevoll kommune
Sammy Olsen	Bømlo kommune
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Etne kommune
Bjørn Tollefsen	Etne kommune
Harald Rydland	Fitjar kommune
Olaug Haugen	Fitjar kommune
Hans Inge Myrvold	Kvinnherad kommune
Ragnhild Bjerkvik	Kvinnherad kommune
Gaute Straume Epland	Stord kommune
Magnus Mjør	Stord kommune
Linn Therese Erve	Sveio kommune
Kåre Martin Kleppe	Tysnes kommune

**Frå administrasjonen:**

Tora Haslum Myklebust  
Anne Almås Tranøy

**Forfall:**

Bjarte Madsen, Austevoll kommune – Kjetil Aga Gjøsæter, Bømlo kommune - Jostein Førre, Sveio kommune - Steinar Dalland, Tysnes kommune

**Då var føre:**

- Sak 07/21 Godkjenning av referat frå møte i Samarbeidsrådet 29. januar
- Sak 08/21 Geopark Sunnhordland
- Sak 09/21 Framlegg til årsmelding 2020
- Sak 10/21 Framlegg til rekneskap 2020
- Sak 11/21 Framlegg til økonomiplan 2021-2024
- Sak 12/21 Framlegg til budsjett 2021
- Sak 13/21 Framlegg til handlingsplan 2021
- Sak 14/21 Framlegg til nytt styret 2021-2023
- Sak 15/21 Framlegg til ny representantskapsleiar og nestleiar 2021-2023
- Sak 16/21 Framlegg til revisor
- Sak 17/21 Val av representant til styringsgruppa for reiselivet
- Sak 18/21 Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling – Felles fråsegn
- Sak 19/21 Ymse
  - a) Grøn region Vestland
  - b) Akvakultur konsesjon - felles fråsegn
  - c) Støtte til etablering av batterifabrikk i Haugaland Næringspark – felles fråsegn

Sunnhordland, 26. mars 2021

Tora Haslum Myklebust  
Dagleg leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND, 19. MARS 2021  
KL. 08.00 – 13.15 PÅ TEAMS**

**Sak 07/21      Godkjenning av referat frå 29. januar 2021**

Samrøystes vedtak

**Sak 08/21      GEOPARK SUNNHORDLAND – vegen mot UNESCO status!**

Hovudprosjekt Geopark Sunnhordland er no i ein fase der det er nødvendig at kommunane / Samarbeidsrådet drøftar om det er ynskje og vilje til å satsa vidare fram mot ein UNESCO status for Geopark Sunnhordland. For å søke UNESCO status er det ein del kriteria som må vera på plass.

På møte i AU 26. februar vart administrasjonen bedt om å kome med forslag på organisasjonsform, styresamansetjing og økonomiske fordelingsnøklar til drøfting og vedtak i Samarbeidsrådet.

På møte:

3 ulike alternative finansieringsnøklar for kommunane vart drøfta. Alt. 3 vart vald, med eit ekstra kulepunkt i vedtak om at fordelingsnøkkel skal evaluerast etter 3 år.

Det vart i møte stilt spørsmål om det er representantskapet eller styre som skal stifte selskapet på vegne av Samarbeidsrådet.

Etter møte har administrasjonen i samråd med revisor, fått avklart at det å stifte eit dotterselskap må ligge innafor styret sine oppgåver. Det vert difor Samarbeidsrådet v/styreleiar som vert den formelle stiftaren av selskapet.

**Framlegg til vedtak:**

- Samarbeidsrådet stiftar eit ideelt aksjeselskap – Geopark Sunnhordland AS innan 1. september 2021.
- Samarbeidsrådet går inn med kr. 30 000,- i aksjekapital.
- Samarbeidsrådet tilrår at styre består av minimum 3 og max 7 medlemmer, beståande av ein kombinasjon av politisk kompetanse og nettverk og fagkunnskap innan både reiseliv og geologi/arkeologi. I tillegg bør fylkeskommunen vera representert.
- Samarbeidsrådet bed administrasjonen utarbeida forslag til stiftingsdokument og selskapsavtale.
- Samarbeidsrådet bed administrasjonen sende søknad om midlar til kommunane med utgangspunkt i fordelingsnøkkel ref. alternativ nr. ....

**Vedtak:**

- Samarbeidsrådet stiftar eit ideelt aksjeselskap – Geopark Sunnhordland AS innan 1. september 2021.
- Samarbeidsrådet går inn med kr. 30 000,- i aksjekapital.
- Samarbeidsrådet tilrår at styre består av minimum 3 og max 7 medlemmer, beståande av ein kombinasjon av politisk kompetanse og nettverk og

fagkunnskap innan både reiseliv og geologi/arkeologi. I tillegg bør fylkeskommunen vera representert.

- Samarbeidsrådet bed administrasjonen utarbeida forslag til stiftingsdokument og selskapsavtale.
- Samarbeidsrådet bed administrasjonen sende søknad om midlar til kommunane med utgangspunkt i fordelingsnøkkel ref. alternativ nr. 3.
- Fordelingsnøkkel skal evaluerast innan 3 år.

**Sak 09/21 Framlegg til årsmelding 2020**

**På møte:**

Kom innspel om at sjukefråvær ikkje treng spesifiserast, sida det er så få tilsette.

**Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek årsmeldinga for 2020 til orientering.

**Vedtak:**

Årsmelding 2020 blei samrøystes godkjent, med endring om å fjerne oversikt sjukefråvær.

**Sak 10/21 Framlegg til rekneskap 2020**

**Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek rekneskapa for 2020 til orientering.

**Vedtak:**

Samrøystes vedtak.

**Sak 11/21 Framlegg til økonomiplan 2021 - 2024**

**Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek økonomiplanen for perioden 2021-2024 til orientering.

**Vedtak:**

Samrøystes vedtak.

**Sak 12/21 Framlegg til budsjett 2021**

**Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek budsjetta for 2021 til orientering.

**Vedtak:**

Samrøystes vedtak

**Sak 13/21      Handlingsplan 2021**

På møte:

Det vart på møte tatt ein gjennomgang av prioritert arbeid 2021 i handlingsplanen for Samarbeidsrådet.

Det vart spelt inn nytt kulepunkt under punkt 1.6 – Ferjesamband

**Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek handlingsplan for 2021 til orientering.

**Vedtak:**

Samrøystes vedtak med nytt kulepunkt under 1.6 – Ferjesamband

- Jobba fram ferjeavløysingsordningsprosjekta i regionen.

**Sak 14/21      Framlegg til nytt styre 2021 - 2023**

**Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek forslag til innstilling til orientering.

**Vedtak:**

Samrøystes vedtak.

**Sak 15/21      Framlegg til representantskapsleiar og nestleiar 2021-2023**

**Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek forslag til innstilling til orientering.

**Vedtak:**

Samrøystes vedtak.

**Sak 16/21      Framlegg til revisor**

**Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland rår til at RSM Norge AS held fram som revisor for Samarbeidsrådet for Sunnhordland for 2021

**Vedtak:**

Samrøystes vedtak.

**Sak 17/21      Val av representant for styringsgruppa for reiselivet**

På møte:

Ordførar Gaute S. Epland, Stord kommune og ordførar Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Etne kommune orienterte om at dei kunne ta attval som hhv.

representant og vararepresentant i styringsgruppa for reiseliv for perioden 2021-2023.

**Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet vel følgjande representant og vararepresentant til styringsgruppa for reiseliv for perioden 21-23:

- 1 ..... representant
- 2 ..... vararepresentant

**Vedtak:**

Samarbeidsrådet vel følgjande representant og vararepresentant til styringsgruppa for reiselivet for perioden 21-23:

1. Ordfører Gaute S. Epland, Stord kommune, representant
2. Ordfører Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Etne kommune, vararepresentant

**Sak 18/21      Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling – felles fråsegn**

**Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland sender felles uttale på den regionale planen *Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033*.

**Vedtak:**

Samrøystes vedtak.

**Sak 19/21      Ymse**

**a) Grøn region Vestland**

Lasse Kolbjørn Anke Hansen og Kathrin Jakobsen frå Vestland fylkeskommune orienterte om Grøn region Vestland. VLFK har sendt førespurnad til regionen om deltaking i prosjekt. Det er lagt opp til samfinansiering av prosjektet. VLFK har sett av 1 mill. til regionale prosjekt – 200 000,- pr. prosjekt/region. Resterande 300 000,- må finansierast av regionråd/andre aktørar.

**Vedtak:**

Samarbeidsrådet tek i etterkant av møte ein diskusjon om deltaking i prosjekt med utgangspunkt i finansiering og eksterne midlar. Administrasjonen ber VLFK utsett frist frå 1. april til 19. april, for å meld tilbake om ein ynskjer å delta i prosjektet.

**b) Fråsegn særøyve for lakseoppdrett**

Ordførar Sammy Olsen, Bømlo kommune, orienterte om at frå hausten 2021 har Bømlo vidaregåande skule planar om å starte opp ei linje for naturbruk. Frå påfølgande haust er det planlagt at skulen skal ha ei linje for vg2 akvakultur. I samband med etableringa av linjetilbodet har næringsliv, skule, kommune og fylkeskommune samarbeida om å få på plass ein undervisningskonsesjon til nye Bømlo vidaregåande skule.

8. mars innførte Nærings- og fiskeridepartementet ein midlertidig stans i moglegheitene for å søke særkonsesjonar for lakseoppdrett. Avgjerda kjem like før det frå Bømlo vidaregåande, Vestland fylkeskommune og Bremnes Seashore blir søkt om slik konsesjon. Bømlo kommune bed Samarbeidsrådet for Sunnhordland om å sende ei fråsegn til Næring og fiskeri departementet og oppmode fiskeriministeren til å oppheve stans for behandling av særøyve innan lakseoppdrett.

**Vedtak:**

Samarbeidsrådet støttar samrøystes å sende ei felles fråsegn til Næring og fiskeri departementet og oppmode fiskeriministeren til å oppheve stans for behandling av særøyve innan lakseoppdrett.

**c) Etablering av batterifabrikk i Haugaland Næringspark**

Ordførar Linn Therese Erve, Sveio kommune, ba om støtte frå Samarbeidsrådet i ein felles uttale vedr. etablering av batterifabrikk i Haugaland Næringspark.

**Vedtak:**

Samrøystes vedtak.